



Alver kommune
Line Merete Valle
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19362 - 21/49589

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
08.07.2021

Ferdigattest dagsturhytte Vardefjellet - gbnr 108/161 Lindås

Administrativt vedtak: Saknr: 805/21
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Alver kommune
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for dagsturhytte med sanitærbygg – toalett på gbnr 108/161. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 20/19362, datert 19.01.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.06.21.

Skildring

Adresse:	Vardefjellet
Bygningstiltak:	Hytte med toalett
Bygningsnummer:	300847766
Bruksareal:	Hytte på 52,5 m ² , toalett på 4,5 m ²

Avlaup:	ingen
Vatn:	ingen
Tal på røykløp:	0

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/19362

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Trond Engelsen

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG